



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	29.09.2014	120/14	FRM

Saksbeh
Frida Melvær

Arkivsaknr
14/689-7

Arkiv
K2-N02

Planlegging av rutetilbudet frå 1. mai 2015 -innspel

ORDFØRAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet sluttar opp om uttala til rutetilbudet for 2015 slik den går fram av saksutgreiinga.

Kva saka gjeld:

Hovudutval for samferdsle (HS) ønskjer innspel/forslag til ruteendringar gjeldande frå 1. mai 2015.

Saksutgreiing:

Samferdsledepartementet fastsette i 2013 nye retningsliner for offentleggjering av ruteopplysningar for persontransport. Desse nye retningslinene inneber at rutedata skal vere gyldige i minst 4 mnd. framover. Seinare vil det bli krav om at rutedata skal vere gyldige i 7. mnd. I praksis betyr dette at endring i rutetider som skal gjelde frå 1. mai 2015 må vere klare seinast 1. januar 2015. Rutetilbodet blir vedteke i samband med budsjettmøtet i fylkestinget i desember.

Utval for samferdsle vil handsame innspela i møtet 29. oktober og innspela frå kommunar m.fl. må vere fylkeskommunen i hende innan 26. september. Ordførar har vore i kontakt med direktør for samferdsle og fått løyve til å levere innspela 29. sept. i samband med formannskapsmøtet.

Askvoll kommune har tradisjon for å be velforeiningane komme med innspel til eventuelle ruteendringar i kommunen. Dei representerer innbyggjarane og veit best kor «skoen trykker» med omsyn til kollektivtilbodet. I tillegg har vi i år også valt å be Askvoll ungdomsråd om uttale/innspel.

Innan kommunen sin frist 18. sept. var det komme 4 innspel:

-Holmedal Vel

-Bulandet og Værlandet Grendalag

-Atløy Vel

-Askvoll Ungdomsråd

Innspel frå Holmedal Vel:

Ønskje om fleire bussavgangar mellom Askvoll og Dale –særleg knytt til ekspressbåtavgangane. Dei har også tatt opp att tidlegare innspel om betre korrespondanse med bussavgangar mellom Askvoll-Dale og Dale-Førde, samt med flyrutene på Bringeland.

Innspel frå Bulandet og Værlandet Grendalag:

1. Ønskje om sein ferjeavgang laurdag kveld td. kl. 2000 –gjerne bestillingsrute.
2. Framskunding av ferjeavgang frå Askvoll til Værlandet kl. 1915 til 1905 (etter at passasjerane frå ekspressbåten har komme seg om bord i ferja).
3. Problemstillingar knytt til at ferja som går frå Askvoll kl. 1520 ikkje alltid greier å halde ruta og at det kan oppstå problem med å nå barnehagen før den stenger.

Innspel frå Atløy Vel:

1. Ber om seinare ferjeavgangar frå Askvoll til Gjervik kl. 2300, kl. 2400 og kl.0100. Peikar mellom anna på auka trafikk og på behovet for å delta på møter, fritidsaktivitetar mm. på fastlandet/kommunesenteret.
2. Ønskje om at avgangen Askvoll-Fure kl. 1940 kan gå til Gjervik før den går vidare til Fure.
3. Ønskje om ferje frå Gjervik til Askvoll kl. 0745 om morgonen. Peikar på at ein slik avgang er viktig for skuleelevar- og arbeidspendlarar.
4. Ønskje om at det blir etablert vanleg søndagsrute 1. juledag med start 0645.
5. Avgang 1730 på sambandet Askvoll-Fure-Værlandet må endrast til 1735 slik at ferja frå Gjervik korresponderer.
6. Ønskje frå tidlegare år er ikkje innfridde.

Innspel frå Askvoll Ungdomsråd:

1. Ønskje om seinare bussavgang mellom Askvoll og Dale.
2. Ønskje om bussavgangar som korresponderer med ekspressbåten frå Askvoll.
3. Fleire bussavgangar på laurdag mellom Askvoll og Førde.
4. Ekstra ferjeavgang mellom Askvoll og Værlandet på laurdagar.

Vurdering:

Askvoll kommune er ein langstrakt kommune med store interne avstandar. 900 av våre ca. 3000 innbyggjarar er busette på øyane Atløy (450), Værlandet og Bulandet (450). Behovet for eit godt indre rutetilbod er stort både for innbyggjarane og for private og offentlege arbeidsgjevarar og tenesteytarar. Samstundes ser vi at det å kunne bevege seg over kommunegrensene både med omsyn til private reiser og dagpendling i samband med vg.skule og arbeid blir meir og meir viktig.

Generelt:

Askvoll kommune er kjende med dei utfordrande innsparingskrava som er lagt på Sogn og Fjordane fylkeskommune dei kommande åra. Utfordringar som vil få store konsekvensar for alle dei fylkeskommunale tenesteområda og som igjen vil påverke innbyggjarane i fylket sin kvardag. Askvoll kommune delar uroa og bekymringane rundt dette.

Vi er kjende med at det er lagt inn ei innsparing på ca. kr. 1 mill. ved å ta bort anløp mellom Askvoll og Ytre Fjaler (Fure). Med Dalsfjordbrua på plass er det mogeleg å køyre rundt, men det vil bety ei reisetid på om lag 1 time frå Fure til Askvoll sentrum. Vi har pendlarar både i offentlig og privat sektor som nyttar ferja i samband med arbeid -ein ferjetur som tek ca. 20 minutt.

Å ta vekk alle turar mellom Askvoll og Fure vil få store konsekvensar for desse, og i verste fall kan det bety tap av viktig arbeidskraft på begge sider av fjorden. Veolia etablerer seg no på Lutelandet. Ei slik etablering har vi venta på- og gleda oss til i mange år. For innbyggjarar i Askvoll vil desse arbeidsplassane bli meir eller mindre utilgjengelege ved å ta bort ferja. Turen rundt vil ta omlag 1 time og 15 minutt. Vi ber om at fylkeskommunen/hovudutval for samferdsle ivaretek arbeidspending i si vurdering.

Vi stiller gjerne i møte for å diskutere dette nærare, og ber generelt om å bli tatt med som høyringspart dersom andre rutetilbod skulle stå i fare i tida framover.

Askvoll kommune har dei seinare åra blitt råka av mange ras, særleg ved Heilevang på fv. 609. Dei mange stengingane påverkar og frustrerar innbyggjarar som dagpendlar mellom Askvoll og Førde. Vidaregåande elevar kjem seg ikkje på skule og arbeidstakarar kjem for sein til jobb. Vi set stor pris på at det er sett i verk eit varslingsystem via SMS når rasa går – dette lettar litt. Vi ber likevel om, så sant det let seg praktisk gjere, at det blir meir system/rutine i beredskapen for kollektivtransport ved stenging.

Til nokre av innspela:

- Seinare ferjeavgangar frå fastlandet til Atløy(Gjervik) og Værlandet har blitt spelt inn ved fleire anledningar –også i samband med utlysing av nytt ferjeanbod som trer i kraft i 01.01 2016.

Askvoll kommune støttar opp om desse innspela då dei er viktige for at alle skal kunne delta på lik linje både med omsyn til møter, arbeid (turnus) og kultur- og fritidstilbod. Ikkje minst er det å ha nokre fleire seine ferjeavgangar viktig med omsyn til sentralisert legevakt (Førde) på ettermiddag, kveld, natt, helg og høgtid.

- Mindre justeringar av eksisterande ferjeavgangar blir støtta dersom det gjer til at det totale tilbodet betre og ikkje blir til vesentleg ulempe for ein annan part.
- Seinare/fleire bussavgangar mellom Askvoll og Dale har blitt spelt inn både av Holmedal Vel og Askvoll Ungdomsråd. Særleg er det vektlagt ønskje om bussamband til og frå ekspressbåtavgangane. I dag går det berre skulerute og arbeidsrute mellom dei to kommunesentera.
- Punkt 3 i innspelet frå Atløy Vel –dette er ei viktig arbeidsrute mellom Askvoll sentrum -Fure -Askvoll sentrum. Den andre ferja er i overfart til Værlandet i dette tidsrommet.
- Punkt 5 i innspelet frå Atløy Vel bør vere ivaretatt. Ferjeavgangen det blir peika på går frå Askvoll 1740 i følgje inneverande rutehefte.

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	12.08.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Planlegging av rutetilbodet frå 1. mai 2015
2	U	02.09.2014	Førdefjorden Vel; Holmedal Vel; Bulandet og Værlandet grendelag; Atløy Vel; Stongfjorden Vel; Askvoll Vel	Ruteinnspel 2015
3	I	09.09.2014	Holmedal Vel	Innspel til ruteplanarbeidet for 2015 - fleire bussavgangar på strekninga

4	I	15.09.2014	Bulandet og Værlandet grendelag	Askvoll - Dale Innspel til ferjeruter 2015.
6	I	16.09.2014	Askvoll ungdomsråd	Innspel til ruteplanarbeidet for 2015
5	I	16.09.2014	Atløy Vel	Innspel till ruteplanarbeidet 2015